ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Reknes Byggjevarer LI
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 16.10.2022 |
| Vår: 20/5228 - 22/79025 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve for tomannsbustad 2 med ny frist for ferdigstilling - gbnr 134/263 Hilland

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 1138/22** |
| **Tiltakshavar:** | Reknes Eiendom AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Reknes Byggjevarer LI |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tomannsbustad med gbnr. 134/263//3 og 134/263//4 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.**
2. **Ferdigattest skal liggja føre innan 01.12.2023.**

Ansvarleg søkjar har bedt om ny frist for innsending av ferdigattest for tomannsbustad på gbnr. 134/263//3 og 134/263//4.
Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve datert 19.01.2012 og endringsløyve datert 20.02.2015, 10.11.2020 og 15.02.2022.

Det er gitt mellombels bruksløyve for tiltaket i vedtak datert 09.12.2022 og 28.07.2022.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.
Følgjande arbeid står att: Loftsetasjen i seksjon 3.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.12.2023.

Det vert elles vist til søknad mottatt 10.10.2022.

**VURDERING**
Kommunen legg mottatt dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket med ny frist for ferdigstilling.

**Skildring**

| | | |
|---|---|---|
| Adresse: | Radøyvegen 49B (seksjon 4) | Radøyvegen 49E (seksjon 3) |
| Bygningstiltak: | Einebustad med hybel/sokkelleilighet (112) | |
| Bygningsnummer: | 300281521 | |
| Bruksareal: | 88,5 $m^2$ | 147,2 $m^2$ |
| Avløp: | Offentleg | |
| Vatn: | Offentleg | |
| Tal på røykløp: | 0 | 1 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5228

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande | Anne Lise Molvik |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Reknes Eiendom AS | Masfjordvegen 187 | 5986 | HOSTELAND |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Reknes Byggjevarer LI | Masfjordvegen 187 | 5986 | HOSTELAND |